



Ei redningsskøyte dukka opp i båthamna i Uskedalen ved 19-tida laurdag kveld, men lukkelegvis var skøyta ute på eit oppdrag utan spor av dramatikk.

Ein av båtane i hamna hadde fått problem då ho skulle ut. Giret svikta slik at båten berre gjekk bakover. Og da var det ikkje noko anna råd enn å bestilla redningsselskapet for slep til næraste verkstad.

Slepet starta rimelegvis smertefritt under ideelle tilhøve. På biletet blir slepet førebudd utanfor båthamna.

(Foto: Ola Matti Mathisen)



Slepet er igong! (Foto: Knut A. Myklebust)